

Innspel budsjett 2026 – frå anonym

Det rysta meg svært at når kommuna slit økonomisk, så er det dei unge og dei eldre det går utover. Konsekvensane ved å legge ned skulen på Hjørungavåg kjem til å bli store. Identiteten til bygda vil myste sin plass! Det vil gå utover fritidstilbuda, der ungane vil søke seg mot Hareid. Dette vil også gå utover korpset og 17.mai feiringa. Alt vil bli sentralisert, og den flotte utviklinga og felleskapet vi har, kjem til å gå vekk. Dette vil nok også føre til at mange ikkje vil bu her eller i kommuna lenger.

Eg er sjølv bekymra over å skulle sende ungane mine på buss til Hareid. Kva møter dei når dei kjem fram? Har nokon ansvar for å sjå etter at mobbing og anna ikkje skjer frå ein går på bussen til ein entrar klasserommet? Kva klasserom er det som ventar dei når dei kjem fram? Ei brakka? Er klassa blitt tre dobla i størrelse frå kva dei er vande med? Kva gjer det med trygghet og motivasjonen? Kva gjer ein når ungane nekter å ville gå på skule? Ikkje gløym at det er BARN, som skal forstå og bli forstått! Dei skal klare å regulere følelsane sine i møte med mange nye barn og voksne. Dei skal klare å finne sin plass og si trygghet i ei skuleklasse og eit skulemiljø. Dei er persona som skal vekse og jobbe for ei vidare utvikling av samfunnet vårt, og ikkje ei økonomisk belastning!

Konsekvensane er at mange mysta trygghetta si, lærarane mysta kontrollen på klassa og det å sjå kvart enkelt barn. Det blir lettare at negative handlinga får fritt spelerom, og den psykiske helsa til ungane kan bli heilt øydelagt! Dette gjeld like mykje for dei elevane som allereide går på Hareid barneskule. Vi skal bygge opp ungane, som igjen skal vokse opp og bygge vidare opp det samfunnet vi lever i! Å legge ned Hjørungavåg barneskule, vil muligens bli ei større økonomisk belastning, om det går utover helsa til ungane. Ein må også huske på at ein vil at disse unge skal ville igjen bosette seg og stifte familie i kommuna, då treng en at dei blir behandla bra og sett på som resursar for kommuna og ikkje nok ein utgiftspost!